



Vennelaget for Lensmannsgarden Årsmelding for 2015

Aktiviteten i løa har vore høg også i 2015, og også dette året vorte nytta til eit vidt spekter av ulike arrangement. Privatpersonar og verksemdar betalar for å leiga løa, medan lag og organisasjonar i kommunen kan låna løa gratis. Av Hå kommune har me fått opplyst at det i 2015 har vore om lag 90 arrangement med betalt leige av løa, og løa har våre nytta til arrangement med gratis utlån 340 gonger.

Vennelaget har støtta kommunen sin aktivitetsleiar for ungdom, Monica Cecilie Herredsvela, med mellom anna praktisk arbeid, vaktald ved ungdomsarrangement og elles med vedlikehaldsarbeid. Me har også i samarbeid med aktivitetsleiar og Krokkeklubben laga vinterkrokkebane oppe i løa. Krokkebanen vil verta demontert i sommarsesongen, og det vil då ikkje vera synlege teikn etter krokkebanen. Ved vårdugnaden i mai vart stolane reingjorde, veggene kalka, kjøkken vart grundig reingjort og inventaret sjekka og etterbestilt. Vennelaget har lødd oppatt steingarden som kommunen ved ein feil hadde fjerna mellom gardsromet og hagen. Det har også vorte montert lydemping på bordbeina og stolane i Løeståva.

Kommunen har i budsjettet for 2016 sett av 1,45 mill. kr. til å byggja heis i nordre bryst på løa, og montera sprinklaranlegg i løa, både oppe og nede. Rådmann og Bygningssjef i kommunen har lytta til Vennelaget sitt råd for plassering og utforming av heis.

Arrangementkomitéen i Vennelaget hadde i 2015 14 «Kultur i Løå»-arrangement med konsertar, temakveldar, teaterforestilling, nasjonalfest, loppemarknad og jonsokfeiring, sjå vedlagt årsrapport frå «Kultur i Løå»-komitéen.

Styret i Vennelaget har hatt 7 styremøte i 2015. Det har også vorte gjort mykje godt arbeid i dei ulike komitéane. Ein ny komité for arrangering av lunsjtreff er oppretta. Denne komitéen planlegg å starta lunsjtreff frå kl. 12 til 14 to onsdagar i månaden.

Medlemstalet i Vennelaget er no 280.

For informasjon om Lensmannsgarden og Vennelaget viser me til nettsida vår; www.lensmannsgarden.net, og for informasjon om Vennelaget sine arrangement viser me også til facebook-sida «Kultur i Løå». 464 personar følgjer denne sida.

Dei som ynskjer å få e-post og SMS med påminning om arrangementa kan melda seg inn i Vennelaget ved å senda ein SMS med namn og e-postadresse til 976 88 571. Ein vert då registrert som medlem i Vennelaget. Dette er gratis og medfører ingen forpliktingar. Me vil oppmoda medlemmene våre til å gjera dette kjent blant dei som kan tenkjast å ha interesse av dette.

Styret i Vennelaget har vore:

Kjetil Skrettingland, leiar
Erik T Skretting, nestleiar
Karin Hauge, sekretær
Geir Egil Rosland, kasserar
Ingvild Lye, styremedlem
Lenita Salte, varamedlem

Byggkomité:

Svein Varhaug, leiar
Dag Skretting
Jon Harald Håland

«Kultur i Løå»-komité:

Geir Egil Rosland, leiar
Dag Madland
Solfrid Bergersen (Guri Å.Sollesnes fyrste halvår)
Karin Skrettingland (Kari Nord-Varhaug fyrste halvår)

Lunsjtreff-komité:

Eli Aanestad
Inger Haugstad
Kjellaug Aanestad Varhaug
Ove Tjensvoll
Liv Reiestad
Gustav Håland
Bjarne Salte

Revisor:

Terje Bø

Valnemnd:

Tone Elin Berge
Hans Vagleik Jakobsen
Solveig Aanestad

For styret i Vennelaget for Lensmannsgarden
Kjetil Skrettingland (leiar)